

Vår ref.:
24/01559-15

Dato:
10.09.24

Referat frå IDF-møte 09.09.2024 - styresaker

Tid: kl 13:00-14:30 på Zoom

Til stades:

Frå tenestemannsorganisasjonane (tillitsvalde)

- Gjert Anders Askevold, Forskerforbundet
- Jan Ove Mjånes, Akademikerne
- Tone Skjerdal, NTL/LO-stat
- Karl-Eric Melander, Parat/YS-stat

- Karin Bell, Hovudverneombod (HVO)

Frå arbeidsgjevar:

- Gunnar Yttri, Rektor
- Tage Båtsvik, Organisasjonsdirektør
- Anette Fristad, Avdelingsleiar HR
- Wenche Fjørtoft, Seniorrådgjevar HR (referent)

35/24-B - Godkjenning av innkalling og saksliste til styremøte 5/2024

36/24-B - Møteplan for Høgskulestyret 2025 - justert forslag

37/24-B - Oppnemning av skikkanemnd 1.10.2024 - 30.9.2027

Rektor orienterte om saka.

Tillitsvalde stilte spørsmål til kvifor ein vel å oppnemne vitskapleg fagleiar og ikkje ein vitskapleg tilsett? Det kan bli for topptungt ved leiing.

38/24-B - Søknad til KD om utviding av unntak frå gradsforskrift - fireårig bachelor i nautikk med praksis

Rektor orienterte om saka.

Tillitsvalde: Dette er ei viktig og god sak som ein håper ein får igjennom. Det er gode resultat i nautikkmiljøet med den ordninga som har vore til no. Det er nybrotsarbeid som er spennande og godt.

39/24-B - Økonomisk rammefordelingsmodell for HVL frå 2025 - bevilgning fra Kunnskapsdepartementet

Tillitsvalde: Saka har skapt debatt. Det er ein relativt kort rapport om relativt tunge og vanskelege saker. Kva konsekvensar får dette? Korleis skal dette gjerast? Det trengst fleire møte og arbeid framover om kva som skal skje. Når det gjeld administrative einingar; kan vi bli meir risikoutsett og vil det bli fleire mellombels tilsettingar ved at ein blir utsett for større svingingar? Kven vil ha det overordna økonomiansvaret for fellesadministrasjonen? Samstundes skal vi definere eit inngangsnivå for ramma til administrative fellestenester. Korleis vil det stå seg i tida framover? Hovudtillitsvalde er invitert til halvdagsmøte om dette seinare i september, og håpar at dette blir tydelegare etter det.

Forskingsinsentiva er tona ned frå sentralt hald, men blir halde ved like lokalt? Er det andre måtar å fremje og premiere god forskning på, til dømes FOU-pris og liknande? Det kan opplevast som straff for dei som ikkje får til forskning. Dette er ei stor uavklart sak. Vi må passe på at vi følger med på kva utslag modellen får. Vi bør ha ei slags følgjeevaluering av effektane.

Eksterne inntekter er nemnt under punktet om påverknad på interne regelverk, med eit spørsmål om resultateneingane bør få eit inntektskrav. Dette må vera ei større problemstilling som inkluderer ei vurdering av fordelinga av dei eksterne inntektene.

Arbeidsgjevar viser til at per no er det uavklart kva inngangsnivået for ramma til dei administrative tenestene blir. Det vil bli jobba med dette fram mot at budsjett for 2025 vert lagt, der hovudtillitsvalde vil bli involvert. Prinsippet i forslaget er at vi samlar administrative tenester i ei resultateneing og budsjetterer den felles. Utgangspunktet er det nivået vi ligg på i 2024, så vil ein vurdere eventuelle behov for nedtrekk av ramma i 2025. Ein må sjå på konsekvensane og om det er behov for justeringar.

Tillitsvalde uttrykker at dei ser behov for å gjere tiltak ved dårlegare økonomi og nye føresetnader. Det er ei uro når vi pratar om generelle nedtrekk (ostehøvel), nokre område er dyrare å drifte enn andre. Ein må vere merksam på eventuelle utilsikta konsekvensar av nedtrekk i ramma på dei små campusane. Ein må vurdere kva servicenivå ein skal ha, ikkje berre inngangsnivået på ramma.

Er vi påkopla strategien til HVL? Vi tilfører meir ansvar til fakulteta. Har dei nok økonomisk støtte? Det er positivt at midlane til PHD vert fordelt til fakulteta. Prioritering blir viktig framover. Korleis skal vi prioritere i større omfang?

Tillitsvalde stiller spørsmål til korleis ein skal fordele midlane til einingane viss ein skal gjere administrasjonen om til ei resultateneing? Kva betyr det at areal ikkje er «noko gjere med»? Kanskje er dette i endring framover når undervisingsformene endrar seg.

HVO stiller spørsmål ved dei organisatoriske endringane i fellesadministrasjonen med fem leiarar, kan vi då klare å ha den same økonomiske kontrollen i fellesadministrasjonen? Kva vil det bety at vi har ein felles økonomi for heile fellesadministrasjonen?

Økonomisk resultat for EVU ser ein som ei inntekt på HVL-nivå, men det viser ikkje så tydeleg på fakulteta. Når ein skal sjå på fakulteta sin økonomi, så er det viktig at dei inntektene er med.

40/24-B - Internrevisjonsrapport våren 2024 - Medarbeidersamtalen som styringsverktøy

Tillitsvalde: Det ser ut for at HVL har ein låg skår for gjennomføring av medarbeidersamtalar. Det må vi ha merksemd på. Det er mange nye leiarar. Kulturbygging og opplæring av leiarar er viktig. Korleis påverkar fleircampusperspektivet medarbeidersamtalar; fjernleiing versus lokal leiing? Påverkar det resultatet?

Det er positivt at dette er eit revisjonsområde. Det vert viktig med oppfølginga som revisjonen har peikt på. Det er lagt særleg merke til nivået medarbeidersamtalar, men også kompetanseutvikling for teknisk administrativt personale som ikkje ligg inne i malen for medarbeidersamtalar, og som er for lite lagt vekt på ved HVL. Med omstillingsprosessen er det endå viktigare at ein har kompetanseutvikling som tema. Dei medarbeidarar som ikkje får støtte blir meir sårbare i ein omstillingssituasjon. Dette er ekstra viktig no.

HVO: Vi må sjå på våre eigne rutinar. Denne revisjonen har eit leiarperspektiv. Den hadde styrka seg viss vi hadde inkludert tilsette. Det er ikkje berre leiarar som ikkje tilbyr, men også tilsette som takkar nei til å delta i medarbeidersamtalen ut frå erfaringar dei har hatt. Det er eit godt verktøy dersom det blir brukt. Det skal vere in positiv samtale

Det er det viktig ein får eit verktøy der ein kan utvikle medarbeidarar i HVL, som må vere ein strategisk HR-sak å følgje opp. Leiar må tilby medarbeidersamtale.

Vi blir utfordra til å utvikle oss sjølve. Malen bør tilpassast betre.

Det er ikkje utarbeidd engelsk mal, og det kan kanskje vere ein grunn for at vi har lave tal.

Stipendiatar er døme på ei gruppe tilsette som snakkar hovudsak engelsk. Det er medarbeidersamtalen som er viktig i tida framover/tida vi står i.

Mange leirar manglar opplæring i gjennomføring av medarbeidersamtalar. Lite lokal tilpassing i DFØ-malen.

41/24-B - Unntatt offentligheten iht.: Offl § 25 første ledd

Orienteringssaker

O-36/24 - Studentopptaket 2024 - status etter studiestart

Ettersendt sak 09.09.24 var ikkje sendt til tillitsvalde.

O-37/24 - Oppfølging av verksemdsrapport pr 1. tertial 2024

Rektor orienterte.

Tillitsvalde: Økonomien er synt fram som fordelt på fakultet og fellesadministrasjonen og kor stor reduksjon ein har oppnådd, telt i tal årsverk. Ein saknar kommentarar på kva konsekvensar dette store nedtrekket har fått.

Prioriteringar er viktig og ostehøvel blir ofte brukt. Kva prioriteringar vil Høgskulestyret gjere framover?

Tillitsvalde: Det er viktig at vi får budsjettkontroll og finn ut kvar vi er. Kunne tenkt seg tydlegare retning av leiinga som må vise kvar vi skal. Tillitsvalde vil vere konstruktive samarbeidspartnarar.

HVO: Tilsette er opptekne av føreseielegheit for framtida. Kvar skal vi spare? Kva vil det seie for eininga den enkelte jobbar i? Dette betyr mykje for folk.

O-38/24 - Vurdering av styrings- og leiingsstruktur – orientering om prosess

Rektor orienterte om saka. Det er laga ein plan for å involvere tillitsvalde i dette arbeidet.

Tillitsvalde er opptatt av at det er mange saker som skal handsamast og utgreiast. Det er viktig at ein held auge med heilskapen og ikkje berre enkelt saker. Eit døme er campusperspektivet. Det er ei påminning om å ikkje misse heilskapen av syne.

O-39/24 - Etatsstyring 2024 - tilbakemelding til Høgskulen på Vestlandet

Rektor orienterte om saka.

O-40/24 - Om HVLs medlemskap i europeisk universitetsallianse - satsinger og muligheter

Rektor orienterte om saka.

Tillitsvalde: Ein må vere i ein allianse for å kunne få inngang til EU og resten av Europa. Kommunikasjon er ein ekstra pluss for HVL. Det vert stilt spørsmål om dette har kostnader?

Referatsaker

O-41/24 - Skriftlege orienteringar til styret: Nytt frå Høgskulen på Vestlandet - styremøte 5/2024

O-42/24 - Munnlege orienteringar frå rektor - styremøte 5/2024

O-43/24 - Referatsaker - styremøte 5/2024

O-44/24 - Campusrelevant tema - Campus Sogndal 12. september 2024

Rektor orienterte.